

Flyktningar frå Ukraina

Alle som kjem frå Ukraina no bør [søkje om kollektiv beskyttelse](#) når de kjem til Norge. Flyktningar som bur i private heimar og som ikkje er registrert, blir rekna som turistar. Dei har da ikkje særskilte rettigheitar.

Busetting i Seljord


Prosesen med å ta imot flyktningar frå Ukraina og busette dei i Seljord kommune fylgjer same prosedyre som ved busetting av flyktningar frå andre land. Det er Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi) som ber kommunane om å busette Flyktningar. IMDi har oppmoda Seljord kommune å ta i mot 70 flyktningar. Kommunestyret i Seljord har vedtatt å ta i mot inntil 70 flyktningar i 2022.

Det er fleire måtar flyktningar kan bli busett i Seljord på:

Busetting via IMDi

Personar som har fått opphaldsløyve, blir busett i Seljord av Integrerings- og mangfaldsdirektoratet.

Bosetting av mottaksbeboere




Sjølvsbosetting

Personar som har fått opphaldsløyve kan finne bustad sjølve og søkje om å få bu i Seljord. Dei må da ta kontakt med kommunen og avklare om det er mogleg. Kommunen må også avtale dette med Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi).


Ta kontakt med kommunen på e-post post@seljord.kommune.no

Ikkje send personsensitiv informasjon som for eksempel D-nummer.



Busetting på eiga initiativ

Personar som kan klare seg sjølve økonomisk og har ein plass å bu, står i utgangspunktet fritt til å busette seg på eiga initiativ, utan avtale med IMDi eller kommune. Da har man ikkje krav på introduksjonsprogram og man kan også miste rettigheitar til andre ytingar.



Alternativ mottaksplass (AMOT)

Personar som kjem til Norge, får tilbod om å bu på asylmottak medan dei ventar på å få beskyttelse og opphaldsløyve. I nokre tilfelle kan man søkje om å bu privat medan ein ventar. Dette blir kalla alternativ mottaksplass (AMOT). Både kommunen og Utlendingsdirektoratet (UDI) må godkjenne ein søknad om alternativ mottaksplass.

Det er for tida usikkert kor lenge ein person kan ha behov for AMOT.

Leige ut bustad til flyktningar

Har du ledig bustad til utleige til flyktningar frå Ukraina eller andre land, vil Seljord kommune gjerne ha beskjed om det.

For å sikre at bustaden kan bli brukt til flyktningar stiller kommunen enkelte krav:

- Bustaden må vere godkjent som bustad. Det inneber at den er godkjent av plan- og bygningsmyndigheitene til heilårsbruk.
- Bustaden er eiga bu-eining med bad og kjøkken.

Kommunen ynskjer også informasjon om:

- Kor mange soverom
- Kor mange kvadratmeter
- Adresse
- Leigeperiode. Det er ynskjeleg med avtale minst eitt år. Tre månadar oppseiing.
- Husleige.

Kontakt oss på e-post: post@seljord.kommune.no. Din utleigebustad blir registrert og du blir kontakta ved behov.

Kommunen tek kontakt når det er behov for bustaden du har meldt inn. Det blir gjennomført ei synfaring med representantar frå samfunn og drift (teknisk) og flyktningetenesta.

Vi gjer merksam på at det kan ta tid før det blir busett i bustaden. Du står sjølvstendig fritt til å leige ut bustaden til andre, sjølv om du har meldt inn bustaden til kommunen.